



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune –
Samferdsleavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlende enhet: Region vest Saksbehandler/telefon: Knut Helge Olsen / 55516534 Vår referanse: 16/21601-3 Deres referanse: Vår dato: 10.02.2016

Klassifisering TFv. 541, Stokkabekken – Katthola, Bømlo.

Samferdsleavdelinga i Hordaland fylkeskommune har bede Statens vegvesen svara på følgjande spørsmål frå Geir Angeltveit (V):

«Det er nokre meter «gamal veg» som vert nytta som gang og sykkelveg (egentleg eit stort barnetrokk) som det ikkje er semje om kven som eig. Inn mot Rubbestadneset på Bømlo 541 (på Bømlo) er det ein ny tunell, og den er så kort at folk får beskjed om at man kan både gå og sykle gjennom.

Folk kjenner seg ikkje trygge nok til det og nyttar difor «gamal veg» rundt Storesvingen til sykkel og gange. Det vert derfor spelt inn behov for lys på dette strekket «storesvingen». Utfordringa er at men ikkje kan sei kva status vegen har. Det kan vere nærliggande å tru at den høyrer til 541 og er derfor sykkel og gange til den. Dette er eit tiltak som mange ynskjer å gjere noko med, og eit særst godt trafikksikringstiltak.

Korleis få avklart dette? Og deretter får veglys på dette strekket som vert nytta av mange både store og små.»

Statens vegvesen ber om årsaking for den lange handsamingstida av dette spørsmålet. Saka har vore til ugreiing i høve til trafikktryggleik, mellom anna i høve til Raunhildetunnel inn til Rubbestadneset.

Slik Statens vegvesen forstår spørsmåla, ynskjer spørsmålsstiller her å få klårheit kven som bør være eigar av den gamle fylkesvegen frå Stokkabekken til Katthola.

Når eigarskapet til gamlevegen så er klårlagt, vil tryggingstiltak deretter bli eit prioriteringssørsmål for vegeigar.

Vegen er no klassifisert som temporær fylkesveg i vente av ei klassifiseringssak.

Det er Statens vegvesen som kjem med tilrådingar til fylkeskommunen i spørsmål som gjeld klassifisering av fylkesveg. Det er fylkestinget som gjer vedtak i klassifiseringssaker som gjeld fylkesveg og temporære fylkesvegar. Statens vegvesen vil utarbeide framlegg til framtidig klassifisering av den gamle fylkesvegen frå vegkryss Stokkabekken til vegkryss ny Fv. 541 (Katthola).

Vegavdeling Hordaland
Med hilsen

Olav Finne
Avdelingsdirektør

Olsen Knut Helge
Seniorrådgjevar

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Samferdselavdelinga Hordaland Fylkeskommune Postboks 7900,
5020 BERGEN

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.